



Journalist Morten Nygård har gjort eit stort arbeid med artikkane sine om kyrkjegardane i Kvinnherad.

**Morten Nygård sin artikkelserie i Grenda om kyrkjegardane i Kvinnherad vert redigert og samla i to bøker. Uskedalen vil få ein stor plass i bøkene med tre artiklar. Den fyrste av dei stod på trykk 1. mars 2018. Tittelen var Englar under Englafjell. 5. april 2018 vart det skrive om funnet av sjømannsgrava på Curacao. Den tredje og siste artikkelen frå Uskedalen har overskrifta Vakkert og vedmodig, frå salmekvelden i kyrkja der mellom anna presten Reidar Ådnanes fortalde om MS SAGVÅG sitt forlis i 1956 der far hans omkom.**

Som journalist i Grenda har Morten Nygård det siste året vitja alle dei 20 eksisterande kyrkjegardane i Kvinnherad. 12 av dei ligg tett ved kyrkjene og er i vanleg bruk. Tre av dei eldste kyrkjegardane har Fellesrådet ansvaret for. Det er Kaldestad, Geilo på Valen og Våge på Varaldsøy. Så kjem pasientgravlunden til Valen sjukehus, den gamle kyrkjegarden på Holmedal og tre kolerakyrkjegardar.

Prosjektet har vore så pass vellukka at det no skal samlast i bokform. Men fleire av artikkane vert monaleg utvida, og i tillegg vil Nygård skriva om dei kyrkjene og kyrkjegardane som ikkje lenger er synlege, også om stader der det kan ha vore kyrkjer og kyrkjegardar. Det viser seg at det er veldig mykje stoff å ta av, og bøkene vil innehalda opplysningar som er svært lite kjend i dag.

Den fyrste boka får tittelen «Kjært er minnet. Små og store soger frå kyrkjegardane i Kvinnherad». Ho kjem vonleg på marknaden i slutten av april eller i mai. Band 2 kjem til hausten.



[Artikkelen om sjømannsgrava på Curacao](#) vert med i ei av dei to bøkene til Morten Nygård.

Viss nokon sit på viktig informasjon eller interessante fotografi, så må dei gjerne ta kontakt med Morten Nygård i Grenda.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Marius Nissestad/Per Bringedal